

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 38

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ognedal

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Anton Slugstad.

Gard:

(adresse): Sleinkjer.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Skjærer Fredrik Stuler, 90 år. Sleinkjer.

Mjølke

SVAR

Den tid ein ikkje hadde nokke meieri vart all mjølk brukt heime. Her var det ikkje nokke meieri før i 1880 åra. Mjølka vart då sett i brebunder og sett i mjølkrotta og stod rolig der til fløyten hadde samla seg i eit tjukt lag oppi mjølka.

Fløyten (ryomen) vart skumma av og heldt i ei krukke for seg sjølv. Når det vart stor nok porsjon kjerna dei smør.

Den tid av året det var mykje mjølk vart ho koka saman og det vart laga ost og prim.

Det var nok skjelden ein drakk mjølk som bestedrikk utan ein åst. Men nesten at det før vart brukt meire mjølk i bestedrik. I varme omstader vart det spørsmål om drikk for å ha med under arbeid. Det vart då laga "blong" "skyr" her så ein "skjor". Begge "brukkar ein smør som drikk dersom ein ikkje har öl.

Øl.

Heimabryggja öl var, forutan juleöl, også brukte som kvardagsdrykk (lystedykk)

Øl som kvardagsdrykk bruktes ennå mange stader. Men det er stor skildnad på bryggjinga no og t. d. for 1900. Då bryggja ein av malt og humle. Nå er det kornbrygg eller humle og krydder.

Kaffi

Første gong ein har trøypd nevnt kaffi her er eit år millim 1850-1860. Ein av heimelsmennene veit å fortelja at hans bestefar, som var sjitar på sin gård her frå 1850, har fortald at kona på gården hadde fått kjøpt 1 pund kaffi (1/2kg.) og dette skulde vara eit år. Og dette året fekk alle på gården 1 kopp kaffi kvar søndagsmorgon.

Ved å ha høve ein tok til å drikka kaffi? Har ikkje fått nokon sikkert om dette. Men Fredrik Stuler veit å fortelja at i 1850-60 var det nokre konor i heimen der for å sjå eit barn ^{sover} nyleg var føtt. Og då var det for høvet koka kaffi.

Med forbehold må ein ta fylgjande som Stuler la til:

Kaffebruggen vert steift på befat og delt ut til desse kjerringar som spiste med ei teskei.

Stulers mor hadde sagt

at dei sat lenge med dette. Det var ikkje noko godt, men dei hadde høyrd at det skulde vera fint.

Kaffi som kvardagsdrykk har ein ikkje høyrd om før 1860 - 1870

Nå drikk ein kaffi om morgonen før ein går til arbeid. Den som lidleg må opp drikk både morgonkaffi og til frokosten. Så er det kaffi etter middagen. Rasjonen rekk nok ikkje til meir nå. Dei som driv i skogen, her og ligger i skogstuer på Gvindalsbruket får ekstrarasjoner av kaffi og desse tømmerhuggere koker seg kaffi ute i skogen når dei holder middag.

Når ein lagar kaffi har ein grovmalen kaffi opp i kokande vatn. Ein høyrer nå ikkje om nokon som har salt i kaffien. Det er også slut med klare skinn. Kjelen står til han klærnar sjøl. Det fins dei som spør i grut men det er mest for morra. Trur ikkje dei veit sjølv om kva for regler ein spør etter.

Ein brukar sukker til kaffien, for det meste klypt sukertopp eller ferdige tablettar. Svakt kaffien kann i bruk skal det også vere brukte brunnsukker.

Koldt sukker laga dei også sjölv.
Under siste verdskrig var det mange
som koka sukker sjölv.

Ein har fløyte i kaffien, i
seinare tid er det mange
som har slutta med fløyte.

Under siste krigen fantes det
folk som vispa egg ^{og melk} i kaffien,
men dette var vist istaden for
fløyte.

Te

Te brukas ikkje til kvardags.
Ein veit om at ein laga te
av tørka solbærblad og lytteberlyng.
Brennevin.

Ein veit ikkje om anna
bruk av brennevin til kvardags
enn drammen og brødstykke ein
fekk for ein gjukk på laven
i fyve hundradåret.

Når eit ^{hus} under bygging
fekk mørsåsen på mätte det
vera mørsåskanne. Denne var
laga av varmt vatn, sukker og
brennevin og kaldtes "pons".

Nyare drykk.

Til kvardags vert det ikkje
berukt nyare drykk nå.

5587